



Bømlo sokneråd – Møtereferat 02-2025

Stad:	Bømlo kyrkje / Litlesalen	Dato: 12.02.25
Frammøtte:	Svanhild Vespestad, Haldis Kristin Hovland, Laila H. Røksund, Laila Bauge, Rolf Magne Skippervik Forfall: Trygve Totland, Odd Ingvar Nilssen, Dagnor Engenes og Anja-Beate Skullerud	
Referent:	Rolf Magne Skippervik	

Ord for kvelden var ved Laila H. Røksund.

Saksliste:

Sak 01-02-2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjend.

Sak 02-02-2025 Godkjenning av referat

Møtereferat godkjent.

For kommentar når det gjeld dato for årsmøte, sjå sak 03.

Sak 03-02-2025 Aktivitetsliste våren 2025

Lista må rettast då konfirmant-gudstenesta er flytta fram frå 24/4 til 10/4.

Revidert liste vil bli sendt ut.

Sak 04-02-2025 Blomehelsingar

Det blei gjort vedtak om å heve grensa for blomehelsing frå soknerådet til kun å gjelde dei som fyller 90- og 100 år. Vedtaket blir gjeldande frå årsskiftet 2026.

Sak 05-02-2025 Økonomi

Budsjett for 2025 blei lagt fram og godkjent.

Sak 06-02-2025 Dokument for årsmøte 2024

Både «Årsrekneskap 2024» og rapport om «Trusopplæring» er allereie klare.

Manglar då rapport frå sokneråd, frå diakoni, frå sokneprest og frå kantor.

Frist for klargjering av manglande dokument er sett til mandag 10 mars.

Sak 07-02-2025 50-års konfirmantar

Dato for samankomsten blir søndag 15. juni. Soknerådet ordnar med kyrkjekaffi i Litlesalen etter gudstenesta. Svanhild V. tar seg av kakebestilling ol.



Sak 08-02-2025 Årets konfirmantar

Tilstelning for årets konfirmantar blir i etterkant av konfirmant-gudstenesta den 10. april. Det blir enkel servering (i Litlesal) med pizza el. , innkjøpt lokalt. Haldis K. står for innkjøp. Det er i år kun 10 konfirmantar, og med relativt god plass i Litlesalen blei det derfor bestemt at kvar konfirmant kunne ta med seg to vaksne frå familien i tillegg; eigenandelen for vaksne blei sett til kr. 50,- pr. person.

Rolf M. vil informere diakon Marta Havn om tilstelninga som er planlagt, og ber henne informere vidare til konfirmantar/familie. Det bes samstundes om tilbakemelding om eventuell allergi, slik at meny kan tilpassast.

Sak 09-02-2025 Ymist

Odd Ingvar og Svanhild er i godt gjenge når det gjeld planlegging av årets KN-aksjon. Utan å få ekstra hjelp til transport, og med få konfirmantar, slik som i år, blir det spesielt utfordrande å få dekkja alle husstandane i soknet.

I siste delen av møtet var det avsett tid for orientering frå Estlandskomiteen, her ved Aksel Lygre og Randi Olsen. Dei gav oss ei god innføring i arbeidet som blir gjort, men peika og på utfordringar men også mulegheiter ein ser på lengre sikt.

Møtet blei avslutta ca kl.20.15, og på sedvanleg vis med «Vår Far».